



Rønnestad Byggteknikk AS
Nordåsbrotet 2
5235 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/699 - 21/8473

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
08.02.2021

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 109/13 Saltnes

Tiltak: Minirensanlegg
Byggjestad: Gbnr: 109/13
Tiltakshavar: Eva Fløysand
Ansvarleg søkjar: Rønnestad Byggteknikk AS

Kommunen syner til din søknad motteke 25.01.2021 og etterfylgjande førespurnad om komplettering i vårt brev datert 28.01.2021.

Søknaden har framleis manglar og kan ikkje handsamast før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

- **Søknadsplikt.** Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 a (Det må sendast inn søknad om løyve til tiltak med ansvarsrettar.) Det er nytta gamle søknadsskjema og det er sendt inn blankett 5159. Blankett 5159 skal ikkje nyttast lenger. Me ber om at du sender inn blankett **5181 Erklæring om ansvarsrett** og blankett **5185 gjennomføringsplan**. Du kan finne oppdaterte skjema på www.dibk.no
- **I søknad om løyve til tiltak blankett 5174**, er det søkt om tilbygg til hytte. Det må kome fram av søknaden at dette gjeld søknad om etablering av minirensanlegg.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **08.03.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Fløysand
Rønnestad Byggteknikk AS

Lyngveien 2 B
Nordåsbrotet 2

5101
5235

EIDSVÅGNESET
RÅDAL